

Innspel til forskingsmeldinga frå Høgskulane i Møre og Romsdal

Vi vil takke for høvet til å kome med innspel til forskingsmeldinga. Vi vil vise til innspelet frå Høgskulane i Bergen og Oslo som vi gir full støtte til og vil supplere med desse punkta:

- Den lokale og regionale forskings- og utviklingsrolla til ein høgskule i distriktet
- Behovet for innovasjon i offentleg sektor
- Behovet for diversitet i utdannings- og forskingssystemet
- Behovet for rimeleg basisbevilgning

Den lokale og regionale forskings- og utviklingsrolla til ein høgskule i distriktet

Høgskulane i Møre og Romsdal ser behovet for sterkare samarbeid og spesialisering og har alt utvikla ei aktiv arbeidsdeling og samarbeid, men vil samstundes peike på at det kan vere motsetningar mellom nasjonale og regionale behov. Til dømes er det ikkje gitt at sterke nasjonale og internasjonale fagmiljø er tett knytt til nasjonalt og regionalt næringsliv og til dei samfunn som har størst kunnskapsbehov innan feltet. Praktiske forhold som lokalisering/avstand i lag med forskningstradisjonar og brukskultur av kunnskap kan vere heilt avgjerande for kva kortsiktig og langsiktig nytte regionale og nasjonale samfunn har av forskning. Internasjonale forskingsmiljø med stor innovasjonsevne er oftast prega av ein atypisk utadretta og næringsretta forskingskultur. Ei sentral utfordring knytt til spesialisering og eliteorganisering er både å få meir framragande forskning og meir framragande formidling og bruk av ny kunnskap. Regionalt har ein derfor store behov for system for brukarretta tilpassing og bruk av kunnskap og som er i tett kontakt med den internasjonale forskingsfronten innan felt som er spesielt viktige for regionalt nærings- og samfunnsliv.

Dilemmaet er på den eine sida at "elitemodellar" som regel legg ein instrumentell FoU-modell til grunn og som føreskriv at vi treng større og meir robuste fagmiljø for å få betre forskning og undervisning – og som til no har innebore ei sterk sentralisering. Dynamiske utviklings- og innovasjonsmodellar som "Trippel Helix" forutset ein tett integrasjon og samlokalisering mellom kunnskapsmiljø og næringsliv, fysisk nærleik som lettar personleg kommunikasjon og gjensidig kunnskapsutvikling. Tydelege utviklingstrekk spesielt i det vare- og tenesteproduserande næringslivet er regional konsentrasjon og spesialisering til "kluster". Sidan næringslivet si romlege lokalisering og spesialisering i liten grad er offentleg styrbar, er det opplagte svaret at offentleg verksemd må styre forskning og utdanning til slike eksisterande og potensielle næringsmiljø for å få større regional og nasjonal effekt. Samstundes må denne innsatsen vere så kraftfull at krava til kvalitet kan stettast og kompetansen som krevst er meir anvendt, utviklingsorientert og dialogbasert enn den som normalt er i elitemiljø. Vi meiner at høgskulane i distrikta her har ei spesiell utfordring og oppgåve på grunn av sin tette integrasjon med det omliggande samfunnet og næringslivet og samstundes tett kontakt med forskingsfronten om vi får ressursar som er tilstrekkelege.

På tilsvarande vis har regionale samfunn – storby så vel som utkant – spesielle utfordringar og kunnskapsbehov som etter vår meining best kan oppfyllest gjennom tett dialog mellom næringsliv, offentlege aktørar og regionale FoU-institusjonar. Vi vil poengtere at i eit ideelt dynamisk kunnskapssystem skal regionale FoU-institusjonar både ha tett kontakt med regionalt nærings- og samfunnsliv og nasjonale og internasjonale kunnskapsmiljø. Dette er fagleg og økonomisk krevjande og krev at høgskulane i distrikta og regionale forskingsinstitutt får høve til å utvikle relevant kompetanse og har tilstrekkeleg økonomi til å vere attraktive samarbeidspartar, utviklingsaktørar, kunnskapsprodusentar og kunnskapsformidlarar.

Behovet for innovasjon i offentlig sektor - kommunane

I Innovasjonsmeldinga (St.meld. nr 7 2008-2009) er det peika på det store behovet for innovasjon i offentlig sektor. Sjølv om denne meldinga legg hovudvekt på "vertikale utfordringar" som helse, NAV og utdanning, vil vi sterkt framheve behovet for "horisontale innovasjonar" spesielt knytt til kommunal og fylkeskommunal verksemd. Ein føresetnad for velferdskommunen er at denne skal sjå ulike sektorar og funksjonar i samanheng og gjennom dette få mest mogleg tenesteyting og samfunnskvalitet av avgrensa midlar. På den andre sida er mest all forskning og innovasjonsverksemd sektororientert og dermed vanskeleg å overføre til "horisontal offentlig innovasjon". Kommunane vil framover ha store utfordringane knytt til aldring og har alt store rekrutteringsproblem både av kompetanse og "hender". Utkantkommunane går i tillegg inn i ein fase med sterk uttynning og sentralisering av befolkning og med store behov for å utvikle nye løysingar knytt til utdanning og omsorg. Kommunesamanslåing eller nye modellar for samarbeid innan oppgåveløysing vil tvinge seg fram og vi treng forskning om og utprøving av moglege løysingar og vurdering av konsekvensar i ulike situasjonar.

Vi meiner at høgskulane i både storby og utkant har ei viktig rolle her. Vi har hand om dei fleste profesjonsutdanningane til offentlig sektor, vi har tett kontakt med kommunale politikarar, administratorar og profesjonsutøvarar og betydeleg aktivitet knytt til opplæring, etter- og vidareutdanning og forskings- og utviklingsarbeid. Våre erfaringar er at skal ein fremme innovasjon i offentlig sektor så må ein kombinere kunnskapsutvikling om situasjon og utfordringar med aktiv opplæring og organisasjonsutvikling. Spesielt høgskulane i distrikta har alt teke eit stort ansvar her og alle tre høgskulane i Møre og Romsdal har ein utstrakt opplæringsaktivitet innan etter- og vidareutdanning for kommunalt tilsette og også ein betydeleg FoU-verksemd innan feltet i samarbeid med Møreforsking, sett i forhold til dei svært knappe midlane som er til disposisjon. Vi vil sterkt tilrå at midlane til forskning, utviklingsarbeid og innovasjon retta mot offentlig sektor og spesielt kommunane blir styrka. Vi vil be om at forskings- og utviklingsarbeid knytt til velferdskommunen utanom storbyane blir definert som ei spesiell oppgåve for høgskulane i distrikta og tilstrekkelege forskings- og utviklingsmidlar blir stilt til disposisjon. Like eins vil vi påpeike at grunnutdanning og etter- og vidareutdanning av personar som er bufaste og som må lærast opp til å fylle viktige velferdsoppgåver i eige samfunn er vesentleg meir ressurskrevjande enn tradisjonell campusopplæring av ungdom.

Behovet for diversitet i utdannings- og forskningssystemet

Høgskulane i Møre og Romsdal har ingen ambisjonar om å bli eit tradisjonelt universitet. Våre oppgåver no og i næraste framtid er å gi profesjons- og fagutdanning og tilknytt forskning, formidling og utviklingsarbeid av høg kvalitet for regionen og nasjonen. Innan mediefeltet rekrutterer og utdannar vi til nasjonale mediebedrifter, innan velferdssamfunnets profesjonsutdanningar rekrutterer vi storparten av studentane våre frå vår region og dei fleste får seg jobb her. Vi har derfor både nasjonale og regionale oppgåver og spesielt dei regionale meiner vi er heilt avgjerande for god og kompetent rekruttering til velferdsyrka og til næringslivet. Vi meiner at det krevst ei klarare arbeidsdeling mellom sentrale universitet og fagmiljø og oss som regionale kunnskaps- og forskingsinstitusjonar og gjensidig respekt for nødvendig arbeidsdeling. Som vist ovanfor må vi vere i nærkontakt med vårt næringsliv og samfunn og aktivt utvikle, omdanne og formidle kunnskap i dialog med brukarar og sentrale produsentar av kunnskap. Vi må like eins ha høve til å utvikle spesialkompetanse innan felt som er spesielt viktig for samfunnet kring oss som logistikk ved Høgskulen i Molde, maritim design ved Høgskulen i Ålesund og offentleg velferd, utdanning og media ved Høgskulen i Volda.

Vi vil spesielt vise til Prof. dr. Frans van Vught, University of Twente, sitt innlegg på kontaktkonferansen der han påpeikte behovet for diversitet i høgre utdanning og spesielt at det bør leggst vekt på andre forhold enn berre publisering og storleik, mellom anna samfunnsoppdraget. Vi meiner at høgskulane i regionane har og må ha ei spesiell nærings- og samfunnsutviklande rolle og at finansierings- og forskningssystemet må take omsyn til dette.

Rimeleg og rettferdig basisløyving og forskingsløyving

Vi vil vise til at Høgskulane i Volda og Molde har svært lav basisløyving, noko som set store hinder for aktivitetar som ikkje gir direkte inntekt gjennom finansieringssystemet eller oppdragsmarknaden. Skal høgskulane i distriktet ha ei nærings- og samfunnsutviklande rolle må basisløyvingane vere rimeleg i samsvar med oppgåvene vi er tildelt og ansvaret vi har. Med så låg basisløyving er det mest umogleg for oss å finansiere eigendelar i regionale, nasjonale og internasjonale forskings- og utviklingsprosjekt og det er svært vanskeleg for oss å avsetje tilstrekkelege midlar til systematisk kompetansebygging og rekruttering utan at det samtidig fører til redusert kvalitet i undervisning og formidling. Om det ikkje blir radikale endringar i basisløyvingane er vi heilt avhengig av særskilte høgskuleretta stimuleringsmidlar som strategiske høgskuleprogram, VRI m.m.

For Mørealliansen

Jørgen Amdam

Rektor HVO